

Organisering av skuledagen

Skulen er ein småskule med fire klassesteg.

Kvart klassesteg har frå 40 til 65 elevar. Desse utgjer eit trinn, men er inndelt i tre til fire kontaktlærargrupper. I det daglege vert dei organiserte i ulike grupperingar, etter behov.

Første og tredje klasse er i det eine bygget. Andre og fjerde klasse er i det andre bygget.

Personalet i kvart bygg dannar eit arbeidslag med ein lagleiar.

Lagleiar for 1. og 3. klasse er Kristin Aarsland Stueland og lagleiar for 2. og 4. trinn er Gudny Tveiten.

Skuledagen

Første og andre klasse har undervisning 24t/v + 20min. måltid, medan tredje og fjerde klasse har 27 t/v + 20min. måltid. I tillegg til dette har dei friminutt.

Skulen låser opp klokka 8.10 og startar opp klokka 8.20.

Første og andre klasse har tre lange dagar der dei slutter kl. 14.00 og to kortare dagar der dei sluttar klokka 11.20. Det er tysdagen og fredagen som er korte.

Tredje og fjerde klasse har fire lange dagar der dei sluttar klokka 14.10. Onsdagen er kort, då slutter elevane klokka 11.15 onsdag.

Organisering av skuledagen hausten 2016

Kl	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
07:45-08:15		Leksegruppe 1.- 4. kl	Leksegruppe 1.- 4. kl	Leksegruppe 1.- 4. kl	Leksegruppe 1.- 4. kl
08:20-09:40	1. økt 80 min	1. økt 80 min	1. økt 80 min	1. økt 80 min	1. økt 80 min
09:40-10:00	Friminutt 20 min	Friminutt 20 min	Friminutt 20 min	Friminutt 20 min	Friminutt 20 min
10:00-11:00	2. økt 60 min	2. økt <u>1. og 2. trinn</u> Til 11.20. 80 min <u>3 og 4. trinn</u> Til 11.15. 75 min	2. økt 60 min	2. økt 60 min	2. økt <u>3. og 4. trinn</u> 60 min <u>1. og 2. trinn</u> Til 11.20. 80 min.
11:00-11:45	Mat og midttide		Mat og midttide	Mat og midttide	Mat og midttide (3. og 4. trinn)
11:45-12:45	3. økt 60 min		3. økt 60 min	3. økt 60 min	3. økt 60 min
12:45-13:05	Friminutt 20 min		Friminutt 20 min	Friminutt 20 min	Friminutt 20 min
13:05-14:00/ 14.10	4. økt <u>1. og 2. trinn</u> 55 min <u>3 og 4. trinn</u> 65 min		4. økt <u>1. og 2. trinn</u> 55 min <u>3 og 4. trinn</u> 65 min	4. økt <u>1. og 2. trinn</u> 55 min <u>3 og 4. trinn</u> 65 min	4. økt 65 min

SKULEMÅLTIDET

Elevane har matpause klokka 11:00 – 11:20. Dei kan få lenger tid til å eta dersom det trengst. Det er ein vaksen i klasserommet medan elevane et. Ein legg vekt på å skapa god bordskikk og hyggeleg bordfellesskap, med høgtlesing, samtale eller konkurransar. Det vert brukt bordvers.

Elevane får kjøpa mjølk og frukt på skulen. Nye 1. klassingar eller får eige påmeldingsskjema utdelt, og denne bestillinga gjeld for alle åra ved skulen. Bestillinga kan endrast innan 1. desember for vårhalvåret og innan 1. juni for hausthalvåret.

Elevane får og kjøpe frukt på skulen. Denne vert skoren opp og lagt frem i det første friminuttet, klokka 9.40. Det er og eige påmeldingsskjema på fruktbestilling, og det er dei same reglane for endring, som ved mjølka.